

## Det kjem mykje fint folk til Masfjorden i sommar

### *Moldestad & SVER til Sommarscena 2016*

Me opnar med omvisning ved kulturminnegranskar Arne Høyland i Masfjorden båt- og sjøbrukssamling kl. 17.00 og deretter vert det heidundrande festkonsert med Sigrid Moldestad & SVER - ein merkeleg konstallasjon me ikkje har sett maken til i Masfjorden. Det vert førehandssal av billetter til kr 300 ved kommunehuset på Sandnes / Masfjordnes, 56 16 62 00 eller epost [post@masfjorden.kommune.no](mailto:post@masfjorden.kommune.no).

Sigrid Moldestad møter folkbandet SVER i ein forrykande konsert. Etter eit vellukka samarbeid under Røros Folk Festival saman med Aasmund Nordstoga i 2015 gjev dei no konsertar igjen.

Sigrid Moldestad frå Breim i Nordfjord har eit kraftfullt bogedrag og ein særeigen stemme. Ho maktar å røra ved heile kjensleregisteret til lyttaren. Med trygge røtter i folkemusikken skapar Moldestad genrelause og grenselause møtestadar.

SVER er folkemusikkbandet med stor trøkk og høg partyfaktor. Med sin hardtslåande miks av tradisjonell og nyskriven folkemusikk, har bandet spelt på festivalar, klubbar og scener over store delar av Europa. Dei siste fire åra har SVER samarbeida med den svenske dancehallartisten Snakka San, og med "Snakka San & SVER" har dei spreidd den nye sjangeren Folkhall kringom i heile Skandinavia og dei har hatt fleire låtar liggande på radiolistene i både Noreg og Sverige.

"Det ble en opphetet stemning i lokalet, med tilbakevendende staende trampeklapp da sangduoen og musikerne i Sver skulle ga av scena." Arbeidets Rett, juni 2015.

Medverkande:

- Sigrid Moldestad - vokal, hardingfele
- SVER:
- Olav Luksengård Mjelva - fele & hardingfele
- Anders Hall - fele & bratsj



- Leif Ingvar Ranøien - torader
- Adam Johansson - gitar
- Jonas Østbyhaug - bass
- Jens Linell - trommer

Velkommen til konsert i Masfjorden båt- og sjøbrukssamling i nothuset på Sandnes / Masfjordnes fredag 5. august kl 19.15. Heile programmet for Sommarscena vert lagt ut når alt er på plass.



### *Marianne Juvik Sæbø til Bjørn West-marsjen*

Søndag 21.august går Bjørn West-marsjen av stabelen.

Under kulturprogrammet vil ingen ringare enn Marianne Juvik Sæbø halda konsert. Konserten vert i kjellarstova på Stordalen fjellstove.

Askøyværingen Marianne Juvik Sæbø skulle vera kjend for dei fleste. Gjennom ei årrekkje har ho trollbunde publikum med si klokkeklare og vakre stemme, og med sine tolkningar av kjende og kjære songar.

Ho er ein aktiv konsertsongar og er jevnleg solist ved kyrkjemusikalske oppsetjingar både i inn- og utland. Ho har medverka i ei rekkje konsertforestillinger der ho har gjort utdrag fra musikaler som Phantom of the Opera, Les Miserables og Fiddler on the Roof. I 2007 hadde ho premiere på sin eigen sceniske versjon av Garborg/Griegs Haugtussa i ny musikalsk innpakning. Marianne har medverka under Festspillene i Bergen ved ei rekke høve både med eigen konsert på Trolldhaugen og andre prosjekt som konsert saman med metal-bandet Enslaved og Terje Isungset i 2007. Ho har delteke i ei rekkje TV-program og medverka på meir enn tjuv cd-

## Gudstenester

Søndag 19.juni  
Frøyset kyrkje kl.11.00  
Gudsteneste v/Bjørn Magne Hansen  
Takkoffer til KRIK

Søndag 10.juli  
Solheim kyrkje kl.11.00  
Gudsteneste v/Jens Linde  
Takkoffer

Søndag 17.juli  
Sandnes kyrkje kl.16.00  
Gudsteneste v/Jens Linde  
Takkoffer

Fredag 29.juli  
Olsok  
Fjøn Fjellkyrkje kl.19.00  
Gudsteneste v/Jens Linde

Søndag 31.juli.kl.  
Solheim kyrkje kl.16.30  
Gudsteneste v/Jens Linde  
Takkoffer

Søndag 7. august  
Sandnes kyrkje kl.11.00  
Gudsteneste v/Jens Linde  
Takkoffer

Søndag 14.august  
Frøyset kyrkje kl.11.00  
Gudsteneste v/Bjørn Magne Hansen  
Takkoffer

Søndag 21.august  
Stordalen fjellstove kl.15.15  
Friluftsgudsteneste v/Geir Sørebo  
I samband med Bjørn West marsjen

Søndag 28. august  
Solheim kyrkje kl.11.00  
Gudsteneste v/Jens Linde  
Takkoffer

Søndag 4. september  
Sandnes kyrkje kl.11.00  
Gudsteneste v/Jens Linde  
Takkoffer

Søndag 11.september  
Frøyset kyrkje kl.11.00  
Gudsteneste v/Jens Linde  
Takkoffer

## Døypte :

15.05 Håvard Baksås Vik  
Anne Lise Baksås og Kjartan Vik  
Fadrear: Tor Erik Baksås, Inga Galaaen Baksås,  
Eli Betten, Monica Vik Constable, Marita Vik,  
Jonas Andre Pedersen

22.05 Elvira Marie Fredriksen  
Anja Mari Andersen og Eirik Fredriksen  
Fadrear: Arild Ekerold-Fredriksen,  
Iselin Dyvike Faugstad, Marius Fredriksen,  
Yvonne Helen Årli Hindenes

29.05 Noah Merkesdal-Flæte  
Linda Holen Flæte og Ronny Rene Merkesdal  
Fadrear: Sondre Flæte, Anne Sissel Flæte,  
Jan Henning Seim Merkesdal, Frank Roger Merkesdal,  
Stig Arthur Molland

*Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølv å be og hjelpa dei å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.*

### Endringar i prestetenesta

Etter at Knut Sørheim gjekk av som sokneprest i Masfjorden, har presteordninga vore slik at Jens Linde, som bur på Eivindvik, er sokneprest i Sandnes, Frøyset og Solheim sokn. I tillegg er han sokneprest i Gulen sokn, (Eivindvik).

Frå 1. september vert det gjort ei endring slik at Jens Linde vert sokneprest for alle sokna i Gulen kommune: Gulen, Mjømna og

Brekke. I tillegg vil han frå denne dato også vera sokneprest for Solheim sokn i Masfjorden.

Samstundes vil sokneprest i Solund, Bjørn Magne Hansen, i tillegg til å vera sokneprest i Solund, få sokneprestansvaret for Sandnes og Frøyset sokn i Masfjorden. Han vil også få ansvaret for konfirmantarbeidet i alle sokna i Masfjorden.

Det har kome innspel frå sokneråda om at ein må få attende ein eigen prest for kvar kommune.

## Vigde :

14.05 Aina Furebotn og Ole Kristian Reknes  
28.05 Hanne Birkeland og Anders Soma

*Sjå til dei i nåde, og styrk dei med din Ande, så dei i gode og vonde dagar set sin lit til deg, held trufast saman og hjelper kvarandre fram mot det evige livet.*

## Avlidne :

26.03	Arvid Lennart Lahti	f. 1957
10.04.	Odd Sverre Trodal	f. 1929
14.04	Gunnhild Romarheim	f. 1918
13.05	Marta Oline Tvedt	f. 1915
22.05	Gunnar Leif Torsvik	f. 1948
23.05	Gerhard Henry Daae	f. 1941
25.05	Gunvald Reknes	f. 1923

*Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.*

Dette har resultert i at Prost Geir Sørebo har skrivne brev der han kjem med framlegg om at felleråda og kommunane i felleskap delfinansierar ei prestestilling i kvar av dei tre kommunane Solund, Gulen og Masfjorden. Dette brevet er stila til ordførarane, fellerådsleiarane og kyrkjeveverjane i desse tre kommunane.

Svein Kvamsdal,  
Kyrkjevevjerje.

# Prioriteringer!

Når Jesus er i Betania er han en dag på besøk hos søstrene Marta og Maria. Marta har det travelt med husstellet mens Maria setter seg ned og snakker med Jesus.

Da er det Jesus sier: "Marta, Marta! Du gjør deg strev og uro med mange ting. Men ett er nødvendig. Maria har valgt den gode del, og den skal ikke tas fra henne." (Luk. 10,41f).

Hva vil Jesus si med dette?

Jesus ber oss ikke om legge fornuften til side og la tingene gå sin skjeve gang uten å bry os! Jesus oppfordrer ikke til latskap! Men det Jesus vil si noe om, er prioriteringene våre. Jesus er opptatt av våre valg! Hva bruker vi livet til og hvordan ordner vi oss i vår hverdag. Spørsmålet er hva det er som skal ramme in hverdagen vår med håp og fred, med mening og fremtid slik at livet blir verd å leve.

Maria har vagt den gode del! Hun har valgt å lytte til hva Jesus har å si om livet, om fremtiden og evigheten. Når Gud i sin sønn Jesus Kristus stiger inn i denne verden, da velger Maria å stanse opp for å se og lytte: Hva er det Gud vil si og gjøre i mitt liv?



Våger vi å stanse opp, sette oss ved Jesu føtter og stille spørsmålet: Jesus, hva har du å si til meg, hva er det du vil med livet mitt? Svarene vil begynne å ta form når en leser i Biblene, deltar på gudstjenester og andre samlinger der Jesus forkynnes.

Jesus bryr seg og ønsker å vandre sammen med deg gjennom livet frem mot målet hos Gud. Derfor inviterer han deg inn i sin nærhet slik som han gjorde med Maria.

Jens Linde  
Sokneprest

## **Konfirmasjons- gudsteneste i Sandnes kyrkje 8. mai 2016.**

Helge Hetland (som vikarierte for Jens Linde) fortalte i preika si historier fra eige liv og virke med fokus på at me er gode nok som den vi er. Frå tida hans som fengselsprest møtte han ein drapsmann som tvilte på at han kunne verta tilgjeven av Jesus. Helge fanga nok alle si merksemd då me fekk høyra korleis denne mannen fann håp om at han var akseptert og god nok for Jesus.

Ein i salen fortalte meg etterpå at det var den mest levande og oppløftande konfirmasjons-gudstenesta vedkomande kunne hugsa å ha vore med på. Det fall seg så lett å følgja med på kva presten sa fordi det var konkret og personleg. Denne gudstenesta vart omtala av andre som ei folkeleg, flott og fin oppleving.

For meg var det ei sterk oppleving å lesa velsigninga over konfirmantane saman med presten. Eg ynskjer alle konfirmantane lukke til på reisa si gjennom livet som Gud sine born.

Helga Ekehaug  
Trusopplærer

## **Konfirmantgudsteneste i Frøyset kyrkje**

Søndag 22 mai vart 7 flotte konfirmantar frå Hosteland sokn konfirmerte i Frøyset kyrkje.

Konfirmasjonsgudstenesta var ei fin og minnerik oppleving både for konfirmantane og familien. Prest Jens Linde kalla fram kvar konfirmant der

dei vart minna om dåpen. Litt seinare i gudstenesta gav han ei velsigning til kvar einskild konfirmant. Dei fekk ei rose og Det nye testamentet i gåve frå kyrkjelyden som leiar for diakoni og trusopplæring, Helga Ekehaug,



*Konfirmantar, sokneprest og trusopplærer i Sandnes kyrkje.  
Fotograf: Per Øyvind Kallekleiv*



*Velkomne til  
OLSOKFEIRING  
I  
FJON FJELLKYRKJE  
FREDAG 29. JULI  
KL. 19.00.*

- GUDSTENESTE
  - SERVERING AV RØMMEGRAUT/KAFFIMAT
- (kr. 100,-Familie maks kr 300,-)*
- PROGRAM for born og vaksne
  - LYNUTLODNING
  - BÅLBRENNING

*Velkomne til ein flott kveld!.*

*Arr: Alversund sokneråd/  
Styret for Fjon Fjellkyrkje*

## Nytt frå biblioteket

Kalenderen viser at det er sommarferie om ikkje så lenge. Uansett kva du har tenkt å bruka sommaren til, kan det vera greitt med litt lesestoff. Ta ein tur innom biblioteket før det stengjer i sommar. Her er både reisehandbøker og tidsskrift som omhandlar reiser. I reisemagasinet «Rett vest» kan du få tips til «kortreiste» turar i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Skal du reisa med fly og ikkje vil fylla kofferten med bøker, er e-bøker eit godt alternativ. Går du inn på <http://www.elanhordaland.no> så finn du fyldig oppskrift på korleis du går fram for å låna e-bøker. Her finn du og svar på ein del vanlege spørsmål om e-lån og e-bøker. Om du treng hjelp, så ta kontakt med biblioteket.

For aldersgruppa 0-15 år arrangerer biblioteket «Sommarles» i år og. I slutten av juni vert det sett ut bokassar, ein ved bøker for barn og ein med bøker for vaksne, i gapahuken på Matre og i Botneset på Sandnes

### *Siste opningsdag før ferien er:*

- Sandnes: måndag 27. juni
- Hosteland: tysdag 5. juli
- Matre: torsdag 7. juli

### *Biblioteket opnar att:*

- Sandnes: måndag 2. august
- Hosteland: tysdag 9. august
- Matre: torsdag 11. august

### *Så minnar vi om biblioteket til nye telefonnummer 56 16 61 20.*

Dette nummeret er sett opp slik at det ringer i telefonen på den filialen som til eikvar tid er open. Du slepp soleis vite kvar bibliotekaren er for å nå henne på telefon.

## FJELLTRIM 2016

Fjon U.I.L. arrangerer på nytt Fjelltrim, i år i perioden frå 7.mai til 9. oktober. (Postkassene til dei kortaste turane heng oppe til 1. november.) I fjor var det 82 fjellvandrarar som gjorde seg fortente til premie. Til saman var det heile 4210 besøk på postane, som er det tredje høgaste talet me har registrert i Fjelltrimmen si historie.

Også i år vert det arrangert **onsdagsturar**. Det er lagt opp til sju slike turar på Sørsida, og denne gongen er alle desse turane også postar på Fjelltrimmen.

Som vanleg legg me vekt på at det skal vera greitt å klara 10 postar, altså nok til å få premie. Dei som går 10 postar, kan velja fritt mellom alle postane. Det vert som tidlegare premiært for 10 postar og for 15 postar.

Påmelding ved kjøp av kart og informasjon (frå 7.mai) vert hjå :

- Marit Krossøy (butikken),
- Sandnesbutikken og
- Nærbutikken Kvingo

Saman med kartet er det laga ei orientering om kvar de finn postane, og korleis dei er plasserte. Postane er merkte med raude/kvite band.

Målsetjinga vår er at folk skal få både naturopplevingar og mosjon – og rådet vårt er at de ikkje ventar for lenge med å ta ut. I år kom dei første postane som vanleg ut før påske, og no er alle postane komne på plass.

I komitéen i år er Vebjørn Aasgard, Atle Nordland, Lillian Andvik, Astrid Daae Kristiansen og Terje Rasdal - dei kan de ta kontakt med dersom de lurar på noko. Når den vanlege fjelltrimmen vert avslutta 1. november, er det meininga også i år å leggja ut sju vinterpostar omkring på Sørsida. Sist vinter hadde me 765 besøk på desse postane, og det vitnar om god aktivitet.

Stølsmessa lyt me i år koma tilbake til seinare, ev. tidspunkt er første søndag i august.

### **Prisane er justerte litt i år :**

Vaksne : 100 kr, barn : 50 kr

(Ver vennleg og betal innan 1.november. Dei som vil betala påmeldinga på nettbank/bankgiro til Fjon U.I.L., bruker kontonummer 3635 50 08643. I rubrikken for KID skriv ein då Fjelltrim 2016 + dei namna det gjeld.)

**GOD TUR !**

## Det skjer i sommar...

- Fredag 17.-søndag 19.juni:  
Stordalen FjellFestival  
Info: [www.stordalenfjellstove.no/](http://www.stordalenfjellstove.no/)

- Laurdag 9.juli:  
Fiskefestival på Sandnes

- Fredag 5. august kl. 19.15:  
Sommarscena: Konsert i Nothuset med Sigrid Moldestad og SVER.  
Førehandsbestilling av billetter: 56 16 62 00

- Laurdag 13. august kl. 20.00:  
Sommarscena: Konsert i Nothuset med lokale heltar

- Søndag 21.august:  
Bjørn West-marsjen, lang og kort løype.

Kl. 14.30. Konsert v/ Marianne Juvik Sæbø.  
Friluftsgudsteneste og minnetale.  
Info: [www.bjornwest.no](http://www.bjornwest.no)

- Søndag 21. august kl. 19.15:  
Sommarscena: Konsert med  
Emma Reid og Rob Harbron i Fargeriet

- Søndag 28. august kl. 15.30:  
Sommarscena: Konsert for born med Solo Cissokho i Fargeriet

- August:  
Sommarscena: Mari Lauvheim, trønderjente med røter i Masfjorden, har fotoutstilling i Fargeriet.

- 15. - 18. september:  
Sommarscena: Råseglsseminar i regi av Forbundet Kysten i og omkring Nothuset.

## Kulturskuleelevar med sjølv laga teaterstykke

Teatergruppa har no hatt si siste samling dette skuleåret. Til hausten er dei klare med sjølv laga teaterstykke.

Me er i gymsalen på Sandnes. Kring 15 ungdommar og dramalærer Marit Nesse sit i ein sirkel på golvet. Saman diskuterer dei seg fram til nye scener i teaterstykket dei heldt på å laga. Ungdommane er fulle av gode idear. Handlinga er lagt til skogen. Her bur dei gode, dei vonde og dei mystiske. Dei vonde vil ta makta over skogen, og forgiftar den gode dronninga. Berre dei mystiske kan gjera ho frisk igjen. Kva som skjer vidare skal me ikkje røpa her og no, men når ferien er over vil gruppa gjera ferdig manuset og øva inn skodespelet.

-Me arbeider prosessorientert, fortel Marit. Alle er med på å utvikla manuset, og så prøver me ut scener etter kvart. Me vert samde om handlinga, men skriv ikkje ned replikkar ordrett. Tanken er at dialogen skal bli skapt av utøvarane der og då. Krevjande, men spennande.

I tillegg til å laga manus, har dei unge skodespelarane også jobba med å byggja opp eit scenebilette.



-Elevane er så dyktige og så tolmodige, skryt Marit. - Snakk om positive ungdommar!

Kurset har gått over seks dagsamlingar og har vore lagt til skulane i kommunen. -Me har erfart at det er godt å ha mykje tid når me først er samla, og at det ikkje bør gå for lang tid mellom to samlingar. Difor vil me neste skuleår

leggja opp til fire helgesamlingar, der to og to samlingar ligg tett opp til kvarandre, fortel Marit. Dei første samlingane vert i september.

Dersom du har lyst til å henga deg på gruppa frå hausten kan du ta kontakt med kulturskulen 97061230. Kurset er for dei i 5.-10.klasse.

Tekst og foto: Frank Kvinge

# Granneheimen - ein "heim" for alle

Me ynskjer at Granneheimen på Kvingo skal vera eit hus til bruk for alle som har eit ynskje om, og eit behov for å samla folk i ulike samanhengar.

Kjellaren er nyoppussa, og me synest at den er blitt så fin at me har døypt den om, frå matsal til festsal. Kjøkenet er heilt nytt med ny komfyr, kjøll, frys og oppvaskemaskin for storkjøken. Me har kjøpt inn, og vil etter kvart som me får inn pengar, kjøpa inn eigna utstyr til bruk på kjøken og i festsalen.

Det kostar 1500,- kroner for å leiga huset. Skal du ha eit selskap kan du disponera huset i nokre dagar før og etter arrangementet, om ikkje andre treng huset. Du vil få tilsendt rekning.

Kontaktperson ved leige av Granneheimen er: Gro Marit Kvinge Tande, mobilnr.: 47836790

På hovudplanet i Granneheimen er alt som før. Me ynskjer å ta vare alt det som fungerer. I 2017 er Granneheimen 90 år, og me planlegg ei markering av dette.

Denne våren har me hatt arbeid med å reparera vassforsyninga inn til huset. Dette er no ordna ved hjelp av frivilljuge og rørleggar. Ein stor takk til alle dei som seier seg viljuge til å gjera ein innsats for at Granneheimen skal verta eit funksjonelt hus i bygda, som alle er velkomne til å bruka!

Me i styret ønskjer å pynta litt rundt Granneheimen. Me har kjøpt inn 8 krukke som me har planta i, og vil i nær framtid mura opp eit større bed der me òg skal planta, for å laga det meir triveleg rundt huset.

## Styret:

- Gro Marit Kvinge Tande ( leiar )
- Marit Mjanger ( skrivar )
- Wenke Fredheim Ekren ( kasserar )
- Else Haugland ( styremedlem )
- Marit Solbakken ( styremedlem )

## Styret for Granneheimen har desse planane for sommaren/hausten 2016:

" Turar

Frå hausten vil me ta initiativ til eit samarbeid mellom Granneheimen og Kvinge helselaget, for å leggja til rette for auka fysisk aktivitet. Allereie i sommar har Else Haugland teke på seg ansvaret som turleiar.

Alle er velkomne til å gå tur med henne!

Tysdag 14. juni: Turen går til Hedde. Møt opp ved skulehuset kl. 18.00

Torsdag 16. juni: Turen går rundt Kvingeneset. Møt opp på Bakken, ved huset til Else og Bjørn Rune kl. 18.00.

" Tysdag 2. august: Turen går til Hedde. Else er turleiar. Møt opp ved skulehuset kl. 18.00

" Torsdag 4. august: Turen går rundt Kvingeneset. Else turleiar. Møt opp på Bakken, ved huset til Else og Bjørn Rune kl. 18.00.

" Basar torsdag 13. oktober, kl. 17.00

Me tek med takk imot gevinstar til bøkene eller til åresala!

" Julemesse 13. november, kl. 15.00 - 19.00

Me ynskjer ei messe der det kun skal vera handverk/ handarbeid og kortreist mat. Me har allereie fått tak i fleire. Er du interessert eller veit om nokon som kan vera interesserte ta kontakt med Gro Marit

" Aktivitetskveld for alle i alderen 10 - 100 år

Me har hatt eit ynskje om å leggja til rette for ein uformell møteplass ein kveld i månaden. Dette ynskjer me skal vera eit tilbod for alle som vil, uavhengig av kor du bur. Ein tek sjølv med seg mat, strikkesøy og liknande, eller berre kjem for å møtast og ha ein triveleg prat. Me planlegg å vidareutvikla

dette tilbodet i samarbeid med dei som vil delta.

Oppslag vil bli sett opp på butikken på Kvingo, på Mjanger og Hope.

Frå hausten 2016 planlegg me å skifta vekedag, frå torsdag til onsdag. Datoane vert: 24. august, 21. september, 26. oktober. 23. november og 14. desember.

" Ungdomsklubb/ filmkveldar

Det ville vore kjekt om dei unge òg hadde hatt interesse av å bruka kjellaren.

Me har fått lerret, og har planar om å få tak i ein prosjektor. Til hausten planlegg me å kartleggja ynskje og behov ungdom i nærmiljøet har, for eventuelt å leggja til rette for filmkveldar og liknande.

For styret i Granneheimen  
- Gro Marit Kvinge Tande -

## Bilete av motorbåtar

I 1950-åra var det ganske mange motorbåtar å sjå i Masfjorden. Erik Torsvik er ein historieinteressert mann med røter og hytte i Masfjorden. Han har funne fram til ei liste over motorbåtar som høyrde heime i Masfjorden på midten av 1950-talet. Dette gjeld båtar som var registrerte i fiskeriregisteret, med kjenneteikna H MF. Dei fleste var opne båtar, men der fanst òg

nokre skøyter og kutterar. Kanskje du har høyrte om mb Finn frå Træsdalsvik eller Mk Sverre frå Solheim eller ein av dei andre fiskebåtane som høyrde heime i Masfjorden?

Har du sjølv, eller kjenner du nokon som har bilete av desse båtane, kan du ta kontakt med Alf Strand, tlf. 41610978.

---

# Då er overgangen til nytt telefonsystem i Masfjorden kommune gjennomført

Her kjem ein kort gjennomgang av kva som er nytt – og kva som er som før.

For å ta det siste fyrst – nesten alt er som før. Dei aller fleste direktenummera er dei same som tidlegare, så publikum kan framleis nytte dei telefonnummera dei er vane å bruke.

Men det er likevel gjort ein skilde endringar som publikum truleg vil merke ganske raskt. Nedunder kjem eit kortfatta oversyn over dette :

Felles for alle telefonane :

Publikum treng ikkje lenger ringe anna enn fasttelefonnummeret til den dei skal samtale med. Dersom vedkomande ikkje er å treffe på fasttelefonen sin, vil samtalen verte vidarekobra til eventuell mobiltelefon eller til andre fasttelefonar etter eit fastsett ringemønster. Dette ringemønsteret vil ikkje fungere dersom ein ringer direkte til eit mobilnummer.

## ***Kommunehuset***

Nummeret til sentralbordet er framleis 56166200.

Når du ringer dit, får du to val :

- Skal du til teknisk kontor, trykkjer du 1.
- Skal du til kommunekassa, trykkjer du 2.
- Skal du snakke med andre, ventar du på svar.

## ***Helsetunet***

Nummeret hit er det same som før – 56166300.

Sentralbordet er ope mellom kl.09:00 og 15:30. Dersom du må vente ei stund på svar og det er noko som hastar, kan du velge å verte sett over til Nordhordland legevakt ved å trykkje 1.

Ringer du helsetunet på eit tidspunkt sentralbordet er stengt, vil du få varsel om at telefonen vil verte sett over til legevakta dersom du held lina open. Med mindre du legg på, vil telefonen så verte kobla vidare.

## ***Sjukeheimen, Svingen avlastning og heimetenestene***

Nummeret til sentralbordet er framleis 56166500.

Når du ringer dit, får du fire val :

- Skal du til ei av avdelingane på sjukeheimen, trykkjer du 1.
- Skal du til Svingen avlastning, trykkjer du 2.
- Skal du til heimetenestene, trykkjer du 3.
- Ynskjer du å snakke med ein bebuar på sjukeheimen, trykkjer du 4.
- Skal du snakke med andre, ventar du på svar.

Skal du til ei av avdelingane på sjukeheimen og har trykt 1, vil du få tre nye val :

- Skal du til Pleie 1, trykkjer du 1.
- Skal du til Pleie 2, trykkjer du 2.
- Skal du til Nystova, trykkjer du 3.

Skal du til heimetenestene og har trykt 2, vil du få tre nye val :

- Skal du til heimetenestene i Nordbygda, trykkjer du 1.
- Skal du til heimetenestene på Sørsida, trykkjer du 2.
- Skal du til heimetenestene i Indrefjorden, trykkjer du 3.

Kommunefysioterapeut og hjelpemiddelansvarleg har nytt felles nummer : 56166580.

- Skal du til kommune-fysioterapeut, trykkjer du 1.
  - Skal du til hjelpemiddel-ansvarleg, trykkjer du 2.
- Likeeins har kjøkken og vaskeri nytt felles nummer : 56166590.
- Skal du til kjøkken, trykkjer du 1.
  - Skal du til vaskeri, trykkjer du 2.

## ***Psykisk helseteneste***

Her er det gjort nokre endringar. Avdelinga har fått eit nytt felles nummer. Bruk dette dersom du ynskjer kontakt med psykisk helseteneste, men ikkje treng snakke med ein bestemt person av dei tilsette.

- Nytt felles nummer for Psykisk helseteneste er 56 16 63 20.
- Tone Asmussen Daae har telefon nr. 56 16 63 21 - som før.
- Dag Haarklau har telefon nr. 56 16 63 22 - nytt nummer.
- Anne Jorunn Lunde har telefon nr. 56 16 63 23 - som før.

## ***Barnehagane***

Her er det gjort nokre endringar. Nummeret som sluttar på null er no barnehagen sitt felles nummer. Ringer ein dit, vil det ringa på samtlege telefonar knytt til barnehagen. Styrarane har no fått eit nummer som sluttar på ein.

**Matre barnehage :**

- Felles nummer : 56166130
- Nummer til styrar : 56166131

**Nordbygda barnehage :**

- Felles nummer : 56166430
- Nummer til styrar : 56166431

**Sandnes barnehage :**

- Felles nummer : 56166100
- Nummer til styrar : 56166101

## ***Masfjorden folkebibliotek***

Folkebiblioteket har no fått eit nytt nummer. Dette er programmert slik at det vil ringe på ein telefon på den staden biblioteket er ope. Dermed treng ikkje publikum lenger tenkje på kva filial som er open nett når dei skal ha kontakt med bibliotekaren.

Det nye felles nummeret er 56166120.

Adressefelt for utanbygds abonnentar :

### Frivilligsentralen i Masfjorden...

...når du på tlf. 56 16 62 62 / 911 93612.

Dagleg leiar er Helga Ekehaug

Adressa til Frivilligsentralen er:

Frivilligsentralen i Masfjorden,

Austfjordvegen 2724,

5981 Masfjordnes

eller e-post:

friv.sentr@masfjorden.kommune.no



album. Marianne har gitt ut fem solo cd-ar. Sommeren 2016 kjem ho ut med ei ny plate.

Dei siste åra har Marianne reist på julekonsertturne, der ho i tillegg til å spre god julestemning også har samla inn pengar til julepakker til fattige familiar i Aust- Europa.

Me reknar med det blir trangt i kjellarstova på fjellstova når Marianne saman med pianist Vidar Eldholm deler musikalske godbitar med oss søndag 21.august kl 14.30.

Fri entre. Konserten er ei gåve til alle dykk som på ein eller annan måte deltek i den flotte og tradisjonsrike Bjørn West-marsjen.

Marianne Juvik Sæbø vil også delta under friluftsgudstenesta og minnemarkeringa seinare på dagen. Hjarteleg velkommen, alle!

Helsing Bjørn West-marsjen  
og Masfjorden kommune

## Kontaktinformasjon

Telefonnummer til kommunen sitt sentralbord : 56166200

Postadressa til kommunen : Masfjorden kommune,  
Austfjordvegen 2724  
5981 Masfjordnes

E-postadressa til kommunen :

post@masfjorden.kommune.no

( Ved bruk av e-post - hugs å ikkje legge inn personleg informasjon i meldinga.)

Øvrig kontaktinformasjon for tilsette i kommunen finn ein på kommunen si heimeside. <http://www.masfjorden.kommune.no>

Kyrkjekontoret når ein

via kommunen sitt sentralbord : 56166200

Direktenummer til soknepresten: 56166263

Øvrig kontaktinformasjon for tilsette og tillitsvalde i kyrkja finn ein på kyrkja si heimeside : <http://masfjorden.kyrkja.no>

## Om Masfjordingen :

"Masfjordingen" er eit meldingsblad for Masfjorden kommune og Frøyset, Sandnes og Solheim sokn. Bladet vert gjeve ut av sokna i samarbeid med kommunen.

Bladnemnd er Helga Ekehaug og Frode Vee-Haugen.

Formgjeving er ved Rune Garmann.

Adressa til bladet er Masfjordingen,  
Masfjorden kommune,  
Austfjordvegen 2724  
5981 Masfjordnes.

Bankgiro 3635.71.04216

## Etterlysing!

I samband med 100 årsjubileet for kommunen i 1979 vart det samla inn ein del gamle bilete.

No er det fleire som leverte inn bilete, som spør kvar det vart av dei.

Underskrivne var ikkje involvert i dette, og kjenner såleis ikkje til kva som har hendt med dei. Men eg har lova å røkja etter. Derfor denne epistelen her.

Nokon må vel ha kjennskap til kvar desse bileta er, eller kva som har vorte gjort med dei.

Bileta fortel mykje om Masfjorden si historie, og er verdifulle både for ålmenta, men endå meir for dei som leverte bileta inn.

Eg vonar no at nokon tek ansvar for å få kunnskapen om desse bileta fram att i dagen. Den som veit noko om dette, må skriva i "Masfjordingen" , slik at eigarane får vita kva som har hendt med dei.

Eg nemner elles at eg har fått tilbakemelding om interesse for å starta oppatt sogelaget. Dette kjem me attende til når sommaren er over.

Med helsing  
Jon Hope